



## Referat styremøte i Rogaland Gjetarhundlag

**Tid:** Laurdag, 26. mars '22

**Stad:** Teams

**Møtte:** Sven Kverneland, Erlend Kvinnesland, Ola P. Hetland, Lone Moen, Anita Vikingstad, Lise Vistnes (ref), Hanne Lundal.

Erlend Kvinnesland kjend inhabil i sak 4 og 5.

### Referat:

1. Datoar for Fatland Cup  
27-28. august hjå Sven Kverneland – Sandnes Sau og Geit arrangerer  
Finalen – 12. november – Sven Kverneland høyrer med eventuell arrangør i Sør-Jæren.
2. Sven og Erlend jobbar vidare med å finna dommar til Fatland Cup og Fylkesmeisterskapen (FM).
3. Startkontingenten for FM i Rogaland står på 400,- kr sidan den blei auka i fjor, medan Fatland aukast frå 300 til 350 kr.
4. Informasjonsflyt og administrasjon av Gjetarhundrådet – Einstemmig semje om å sende inn sak til Gjetarhundrådet for betre informasjonsflyt og samarbeid med regionane. Det er og semje om at vedtak som er gjort i gjetarhundrådet knytt til Fylkeslagas innverknad i val av kandidatar til prøvenemnd og avlsutval blir kjend ugyldig.
5. Sak frå Aust-Agder tatt til orientering. Den er allereie behandla i Gjetarhundrådet.
6. Premier –  
Lone, Lise og Anita ser nærare på premier for Fatland cup og FM. Ulike forslag kom fram på møte Det er forslag om gjetarhundstav til 1. premie på FM 2021 og 2022. Ola sjekkar pris og tilgjengelegheit på nokre stavar i Sør-fylket. Lone har funne fine stavar til 1500,- kr. Gjetarhundfløyte til nye førarar for 2020 og 2021 blir delt ut på Norgesserieprøvene i Rogaland (13-14. august i Sør-Rogaland og 24.-25. sept i Nord-Rogaland).
7. Lokallagssamling 21. mai 2022: Hanne, Lone og Lise hjelper Anita å arrangere denne. Alle ser på programmet og gir tilbakemelding.
8. Ein ønskjer ei god markering av 50 års jubileet i RGL og tenker at det kan setjast ned ei arbeidsgruppe. Handsaming utsett.
9. Sak frå Hå gjetarhundnemnd til RSG. Anita orienterte om saken. Rogaland Sau og Geit (RSG) skal saksbehandle saken 5. april.
10. Fløytesalg – salet går betre enn forventet.